## Elins Matgleder møter velvilje

25.03.2012




**Det planlagde bygget til Elin og Geir Enes
på Feet møter elvilje i dei instansar det skal innom.
Til dømes har Elins Matgleder
fått utsleppsløyve for sanitært avløpsvatn. Løyvet gjeld bustad pluss
næringsbygg med lager, kontor, storkjøkken og
gardsbutikk med WC - også til
bruk for kunder**

Etter rensing for organisk stoff i slamavskillar skal klarvatnet infiltrerast i grøfter

Også Arbeidstilsynet har hatt saka og gjeve samttykke til planane ' på einskilde vilkår, til dømes  at romhøgde i arbeidslokaler normalt skal vera 170 centimeter og at det skal innredast reidskapsrom

Statens vegvesen har varsla at det kan påreknast avkøyrsle hvis visse krav vert aksepterte. Avkøyrsla skal også kunn vere felles med eventuelle andre som på ein naturleg måte kan nyte den same.

Kravet til frisikt 4 meter skal vere minst 115 meter til begge sider og det same skal sikta framover og bakover. Det betyr at alle sikthindringar over ein halv meter i planet mellom avkøyrsla og fylkesvegen må fjernast,

Av Ola Matti Mathisen